



Møre og Romsdal
fylkeskommune

UNG STEMME

2024 – 2026

Ungdomspolitisk program for Møre og Romsdal

Revidert under UFT 21. mars 2025



Ungdommens fylkesting 2025 vedtok denne reviderte versjon av UNG stemme 2024-26. Ung stemme skal gje Ungdommens fylkesråd ei klar retning og eit breiare grunnlag for kva dei skal tilrå i saker frå fylkeskommunen.

Innhald

Introduksjon og medlemmar	3	4 Berekraft	16
1 Kompetanse	4	4.1 Energi	16
1.1 Laget rundt eleven	4	4.2 Resirkulering og avfall	17
1.2 Tilrettelegging	5	4.3 Lokalsamfunn	18
1.3 Seksualitetsundervisning	5	4.4 FNs berekraftsmål	18
1.4 Skilnadar i utdanning	6	4.5 Naturvern	19
1.5 Læringsressursar	6	4.6 Berekraftig infrastruktur	19
1.6 Livsmeistring	7	5 Kultur og utanforskap	20
1.7 Eksamen	7	5.1 Avgangsmarkering	20
1.8 Fråvær	8	5.2 Idrett-, fritid- og kulturtilbod	21
1.9 Gode overgangar	9	5.3 Inkludering	22
1.10 Styrke bortebuaren	10	6 Helse	23
2 Teknologi og næring	11	6.1 Psykisk helse	23
2.1 Likestilling i arbeidslivet	11	6.2 Rus og førebygging	24
2.2 Arbeidsliv for unge	12	6.3 Fysisk helse	25
2.3 Digital oppvekst	12	7 Demokrati og medverknad	26
2.4 Kunstig intelligens	13	7.1 Elevmedverknad	26
3 Samferdsel	14	7.2 Valdeltaking	26
3.1 Kollektivtilbod	14	7.3 Nasjonalt ungdomsråd	27
3.2 Trafikktryggleik og skoleveg	15	7.4 Møte- og talerett	27
		7.5 Breiare fokus på ungdomsmedverknad	28



Introduksjon og medlemmar

UNG Stemme – ungdomspolitisk program for Møre og Romsdal, bestemmer ei ramme og ein visjon for den politikken unge i Møre og Romsdal ønsker å få gjennom både regionalt, kommunalt og nasjonalt.

Under UFT 2025 blei det gjort eit gruppearbeid kor det blei samla inn innspel til endringar og tillegg til UNG stemme 2024 –26. Desse vart bearbeida av redaksjonskomiteen og lagt fram for UFT til avstemming.

Det var og mogleg komme med tilleggs-, endrings- og strykeforslag på dette tidspunktet.

Gjennom dette arbeidet har ungdom frå heile Møre og Romsdal fått uttale seg om kva saker som er viktigast for seg, og kva visjonar dei har for fylket i perioden. Ved å gje ungdomspanelet ei klar retning og meining igjennom UNG STEMME vil det gi ungdomspanelet eit breiare grunnlag for kva dei skal tilrå i saker frå fylkeskommunen.



Medlemmar

- Iver Aarebrot, leiar
- Lisa Roald, nestleiar
- Ida Fjerstad
- Linda Mordal
- Kasper Dalhaug
- Thanura Premakumar
- Paul Roth
- Olivier Karkoszka
- Sandra Hjelvik

Varamedlemmar

- Kristine Dimmen, 1. vara
- Nora Brevik, 2. vara
- Rikke Frilund, 3. vara
- Noah Arntsen, 4. vara
- Kenny Dogbey, 5. vara



1. Kompetanse

1.1 Laget rundt eleven

Fylkeskommunen har eit ansvar for at elevane har det bra på skolen, og difor er det viktig at det er eit trygt og tilgjengeleg lag rundt elevane.

UFT ønsker:

- Nok helsesjukepleiarar og miljøarbeidarar tilgjengeleg på skulane slik at elevar får rask veiledning og hjelp.
- Eit godt samarbeid mellom helsetilbod for ungdom, som BUP, PPT, helsestasjon for ungdom, skolehelsetenesta og barnevernet.
- Mindre ulikskap mellom helsetilboda på dei ulike skulane i fylket.
- Fylkeskommunen sørgjer for tilstrekkeleg antal lærlingplassar, og meir tilrettelegging og hjelp til lærlingar for å finne lære-plassar.



1.2 Tilrettelegging

Ein godt tilrettelagt skolekvardag er viktig for læring og trivsel. Alle elevar skal føle seg høyrte og vareteke, og vi skal ha eit skolesystem med plass til alle. Enkelte gongar er det svært små grep som må til for å gjere skolekvardagen til elevar med særskilte behov betydeleg betre.

UFT ønsker:

- God tilrettelegging i skolekvardagen for elevar med psykologiske og nevrologiske utfordringar.
- Auka kompetanse og meir opplæring for lærarar om ulike lærevanskar og deira behov.
- At diagnosar og testing blir gjort i ein tidleg alder slik at tilrettelegging kan starte så tidleg som mogleg.
- God tilrettelegging under eksamen, undervisning og prøver.
- Oppfølging av dei som har opplevd overgrep og valdtekt.
- Eit fokus på behova til den enkelte elev og ein god dialog med kvar enkelt.
- Eit betre system for frikjenning frå framandspråk for dei med lese og skrivevanskar.
- At alle skal ha gode og attraktive alternativ til skolegudstenester.

1.3 Seksualitetsundervisning

For å sikre god læring, er vi avhengig av ein gjennomgåande og kvalitetssikker seksualitetsundervisning gjennom heile skoleløpet.

UFT ønsker:

- At kvalifiserte førelesarar, gjerne eksterne, blir brukt til å undervise i seksualitetsundervisning.
- Alderstilpassa seksualundervisning frå ein tidleg alder, gjerne allereie frå småskolen.
- At alle elevar skal få opplæring i viktige tema som til dømes samtykke, grensesetting og overgrep.
- At det også blir undervist i tabubelagte, men viktige tema som til dømes sex, porno og seksualitet.



1.4 Skilnadar i utdanning

Individuelle skilnadar blant lærarar gjer at elevar får ulik opplæring og ulik kompetanse. Dette gir også ulik oppleving av medverknad, tilrettelegging, vurdering og læring. Det kan også vere vanskeleg for mange å seie frå om deira problem på grunn av maktforholdet mellom elev og lærar.

UFT ønsker:


- At lærarar samarbeider for å sikre likt grunnlag for framtida for elevane.
- At skulane utforskar moglegheita for anonym retting av vurderingar for å fjerne "trynefaktor".
- At skolar samarbeider meir for å dele erfaringar.
- At det ikkje skal ha noko å seie kva for lærar du har for korleis ein får medverke i timane.
- At det skal vere moglegheit for å gi anonyme tilbakemeldingar på lærarar.
- At ein får tidlegare opplæring i sidemål allereie frå barneskolen, og at opplæringa skal vere tilstrekkeleg og av høg kvalitet.

1.5 Læringsressursar

Det er viktig at læringsressursane i skolen er i god stand og oppdatert etter dagens læreplan for å sikre god læring. For å sikre lik kompetanse uansett kvar du er ifrå, er det viktig at det er same standard på både små og store skolar.

UFT ønsker:

- Lærebøker i god stand på alle skular.
- Læringsressursar med oppdatert innhald som følgjer dagens læreplan.
- Læringsressursar på både nynorsk og bokmål.
- God balanse mellom fysiske og digiale læremiddel, da begge har sine styrker og svakheiter.



1.6 Livsmeistring

UFT ønsker meir merksemd på livsmeistring gjennom skoleløpet. I dag opplever UFT store skilnadar frå lærar til lærar eller skole til skole. Livsmeistring tyder til dømes privatøkonomi, kosthald, fysisk aktivitet i kvardagen og korleis handtere harde tider.

UFT ønsker:

- At skolar skal legge opp til at elevar får relevant og naudsynt opplæring i økonomi og livsmeistring.
- At læreplanen i gym har meir fokus på å halde seg i fysisk aktivitet i kvardagen som student og vaksen.
- At skulane har eigne program og temadagar som set fokus på livsmeistring.
- At det blir mindre fokus på snevre fagområde i fellesfag som norsk og religion, og meir fokus på nyttige eigenskapar som kjeldekritikk, kulturkunnskap og gode tiltak for sunn psykisk helse.

1.7 Eksamen

Eksamensløyisinga i dag blir opplevd som urettferdig på grunn av at det er tilfeldig kva fag ein kjem opp i. Det er også uheldig at éin dag skal ha like mykje å seie som eit heilt år med vurderingar. I tillegg har ein nye erfaringar frå fleire kull som ikkje har hatt eksamen grunna korona, og korleis det har påverka opplæringa.


UFT ønsker:

- At det skal bli fremma alternative eksamensløyisingar.
- At fag i skolen har meir fokus på læring og ikkje eksamensførebuing, og at krava til eksamen vert tilpassa deretter.



1.8 Fråvær

Fråvær frå skolen påverkar læringa hos elevane, trivsel og framtidige moglegheiter. UFT ser behovet for ei balansert og rettferdig fråværsordning som både varetek behova til elevane og opprettheld ein høy standard for utdanningskvalitet. Ungdomspolitik, køyreopplæring og toppidrett er døme på viktige arrangement utanfor skolen som bør vere unntatt fråværs grensa.



1.9 Gode overgangar

For å sikre trygg og god oppvekst og utdanning er gode overgangar viktige. Kommunikasjon og samarbeid mellom ulike tilbod og aktørar er heilt naudsynt. UFT ser styrken i ein saumlaus overgang frå barneskole til ungdomsskole, til vidaregåande, til opplæring i bedrift eller universitet, og til arbeidslivet.

UFT ønsker:

- At alle skal få veiledning og rådgiving med fokus på interesser, personlegheit og eigenskapar framføre prestasjon i skolen.
- Eit godt samarbeid og dialog mellom fylkeskommunen, kommunen, staten, næringslivet og andre aktørar innan utdanning.
- At skolane har karriere- og/eller utdanningsmesse kor elevar får møte relevante tilbod for framtida.
- At opptak til vidaregåande utdanning i større grad skal fokusere på evner, interesser og behov, framfor karaktersnitt åleine. På denne måten får også dei som er meir praktisk anlagt moglegheit til å komme inn på yrkesfaglege linjer som krev høgt karaktersnitt.
- At fylkestinget prioriterer linjer som er viktige for framtidens kompetansebehov som t.d. YSK, helse og entreprenørskap.
- Meir praksisnær utdanningsopplæring med til dømes dialog med elevar og studentar som går på dei relevante linjene.



1.10 Styrke bortebuaren

Møre og Romsdal er eit fylke med lange avstandar, kor mange elevar må flytte for å kunne gå på skole. I tillegg er unge bortebuarar i ein sårbar posisjon, kor ein lett kan bli utnytta av til dømes utleigarar.

UFT ønsker:

- At det skal stillast høgare krav til kvalitet på bustad og fasilitetar, samt betre kommunikasjon mellom utleigar og leigetakar.
- At bortebuarstipendet aukast meir enn den ordinære prisveksten.



2. Teknologi og næring

2.1 Likestilling i arbeidslivet

Samfunnet har ennå ein veg å gå når det gjeld likestilling.

UFT ønsker:

- At fylkeskommunen skal jobbe aktivt opp mot nasjonal styring for å gjennomføre likestillingsaker angående arbeidslivet.
- Høgare lønn i kvinne dominerte yrker som til dømes innan helsesektoren.
- At dei som er nyutdanna skal prioriterast.
- At jobbar som til dømes landbruk og lastebilsjåførar, skal ha største del av inntekta framfor industrien som tenar mest på det.
- At det skal vere meir attraktivt å utdanne seg innanfor helsesektoren som mann.
- Høgare krav til universell utforming av arbeidsplassar.



2.2 Arbeidsliv for unge

Det er viktig for ungdom å komme seg tidleg i arbeidslivet, men det er vanskeleg å få jobb som ung. Det er strenge krav til å tilsette unge, og å bli utnytta hender stadig. Difor er det viktig at alle får tidleg kontakt med arbeidslivet, til dømes gjennom skolen.

UFT ønsker:


- At krava for å tilsette ungdom blir letta.
- Samarbeid mellom offentlege og private aktørar for arbeidsplassar til ungdom
- Opplæring i korleis rettigheitar ein har som arbeidstakar.
- At opplæring i jobbsøking skal inkluderast i læreplanen.
- At elevar på både studieførebuande og yrkesfaglege linjer kjem i kontakt med arbeidslivet gjennom skoleløpet.

2.3 Digital oppvekst

I dagens samfunn blir unge utsett for mykje skjermbruk. UFT ønsker at dei unge utviklar eit sunt og balansert forhold til digitale medier. Dette inkluderer forståing av korleis skjermtid påverkar blant anna humør og søvn. Det er og viktig å lære korleis ein bruker telefon og andre digitale einingar på ein måte som er god for både mental og fysisk helse.

UFT ønsker:

- At unge får eit sunt og balansert forhold til det digitale, til dømes skjermtid og telefonbruk.
- Tidleg opplæring i nettvett.



2.4 Kunstig intelligens

Kunstig intelligens (KI) bringer nye moglegheiter og utfordringar, og tvinger samfunnet til å omstille seg raskt. Kommunar, fylkeskommunar og staten må vere med på endringa, og jobbe for eit framtidsretta perspektiv, blant anna i utdanning, i politikk og i kompetansen til tilsette.

UFT ønsker:

- Eit fokus på nyttig bruk av KI som eit effektivt verktøy, og ikkje ei erstatning for menneskeleg kreativitet og tenking.
- At offentleg tilsette har kompetanse om bruk av KI og kjeldekritikk.
- Klare reglar og retningslinjer rundt bruk av KI i skolen.
- At det blir lagt til rette for trygge og gode KI-verktøy i skolen, men at bruken blir regulert for å sikre best mogleg fagleg utbytte.




3. Samferdsel

3.1 Kollektivtilbod

UFT ser verdien av å ha ein effektiv og enkel tilgang til samferdsel i Møre og Romsdal. Vi ser på det kollektive transporttilbodet som ein av dei viktigaste bolkane innan samferdsel. Eit godt og effektivt kollektivtilbod vil senke fylket sitt totale klimagassutslepp, samstundes som det kan gjere det meir attraktivt å bu i fylket vårt.

UFT ønsker:

- Å halde den månadlege kostnaden for "FRAM Ung" låg. Dette for å oppmuntre ungdom til å bruke kollektivtransporten vi har i fylket.
- At Rute 100, kjent som Timeekspresen, blir prioritert og oppretthalde, då UFT ser ruta som eit utmerka tilbod som bør fortsette.
- At fylkeskommunen har eit fokus på eit breiare kollektivtilbod, som inkluderer fleire typar transportmiddel, som minibuss, hurtigbåt og ferje for å sikre betre dekning i heile fylket.
- At fylkeskommunen legg til rette for god korrespondanse mellom ulike kollektivtilbod som buss, ferje, tog, hurtigbåt og fly for å gjere reiser meir saumlause.
- Ei universell utforming av alt rundt kollektivtransporten, inkludert busstopp, bussar og gangveggar, med rutinemessige testar av for eksempel rullestolheis. Dette skal sikre at alle har tilgang til, og har ei god oppleving av å bruke kollektivtransporten, uavhengig av utfordringane den enkelte passasjerer måtte møte.
- At det skal gjennomførast undersøkingar blant innbyggjarane for å kartlegge ønsker og behov for nye ruter og transporttilbod.
- Å gjeninnføre Fram Flexx (heim for ein 50-lapp) i ein prøveperiode, og synleggjere dette."



3.2 Trafikktryggleik og skoleveg

UFT har drege fram elevane sine skolevegar som ei av dei viktigaste sakene innanfor samferdsel. Dette fordi vi ser at det er stor problematikk med fleire av aspekta rundt elevane sine måtar å kome seg til og frå skolen. Fylkeskommunen må sjå på korleis ein kan arbeide for at vegane i fylket vårt skal vere trygge å ta seg fram på, både for mjuke trafikkantar og dei som nyttar seg av motorkøretøy, spesielt langs skolevegar og andre stader unge oppheld seg.

UFT ønsker:

- At det blir jobba aktivt for trafikkisikring av vegar, blant anna gjennom godt vedlikehald, spesielt på strekningar kor mange unge ferdast.
- Fleire undergangar og overgangar for å forbetre trafikkisikkerheita, samt legge til rette for at alle, inkludert dei med funksjonsnedsetting, kan bevege seg trygt og fritt.
- Utvikling av trygge gang- og sykkelvegar.
- Ein overgang til nullutsleppsbusser og -båtar i heile fylket.
- At fylkeskommunen fortsett å bruke minibussar på ruter der store bussar ikkje blir fullt utnytta, for ein meir effektiv og miljøvennleg transportløyning.
- Opplyste gangvegar heile vegen til skolen.
- God korrespondanse mellom skoletid og skoleskyss heim, slik at alle elevane enkelt kan kome seg heim etter skolen.
- Eit bysentrum designet for menneskjer, ikkje bilar, kor kollektivtransporten og godt utbygde gang- og sykkelveier blir prioritert




4. Berekraft

4.1 Energi

For å ha energi til det grønne skiftet treng fylket og landet auka straumproduksjon, og høgare grad av sjølvforsyning.

UFT ønsker:

- At eksisterande vasskraftverk blir oppgradert og effektivisert.
- At det blir tilrettelagt for at kjernekraft kan bli tatt i bruk i Møre og Romsdal, og resten av Noreg.
- At ladeinfrastruktur for elbil blir utvida og modernisert.
- At det skal jobbast med å finne ei berekraftig løysning for energiforbruket vårt som samstundes opprettheld økonomisk vekst.
- At det skal jobbast meir med forskning innan fornybare energikjelder.



4.2 Resirkulering og avfall

For å oppnå eit berekraftig samfunn er det viktig å fokusere på å redusere forbruk. Vi må bort frå bruk-og-kast samfunnet.

UFT ønsker:

- Å sette høgare krav for avfallsortering for både privatpersonar og bedrifter.
- Å gjere det meir attraktivt og lettare å samarbeide mellom det offentlege og bedrifter med tanke på matsvinn. Til dømes skolar og fritidsklubbar.
- Meir fokus på gjenbruk og sirkulærøkonomi og matsvin i skolen.
- At det stillast høgare krav til berekraftig produksjon av emballasje og produkt.
- At mat til overs frå drifta til fylkeskommunen bør sendast vidare til frivillige organisasjonar.



4.3 Lokalsamfunn

For å få eit berekraftig samfunn, er det viktig at vi støtter opp det lokale, og at lokalsamfunnet er med på det grønne skiftet.

UFT ønsker:

- At det skal vere lettare og billigare å kjøpe lokalprodusert mat.
- At den offentlege sektoren skal handle meir lokalt for å spare transportutslepp og støtte lokalt næringsliv.
- At ein skal samarbeide for å redusere matsvinn.

4.4 FNs berekraftsmål

Møre og Romsdal fylkeskommune legg berekraftsmåla til grunn for sine planar og verksemd. For å realisere detta må ein tenkje nyskapande og innovativt. FNs berekraftsmål skal følgjast tett i alle prosessar i fylkeskommunalt arbeid. FNs berekraftsmål må også ligge til grunn i heile samfunnet.

UFT ønsker:

- At FNs berekraftsmål framleis skal vektleggast når fylkeskommunen, fylkesting og tilhøyrande hovudtal gjennomfører anbod og vedtak.



4.5 Naturvern

I tillegg til fjord og fjell, byr fylket på ei rekke forskjellige økosystem som står for eit enormt biologisk mangfald. Å bevare dette mangfaldet har ikkje berre ein historisk verdi, men er også med på det grønne skiftet.

UFT ønsker:

- Bevaring av myrområde, då dette er eit økosystem som har ein særeigen evne til karbonlagring.
- At gruvedumping skal gjerast ulovleg, på basis av å verne biologisk mangfald i fjordane.
- Bevaring av grøntområde og naturmangfald.

4.6 Berekraftig infrastruktur

Eit av områda med stort forbetringspotensiale er utforming av nye bygg. Det er viktig at offentlege bygg er berekraftige, gjennom til dømes solcellepanel og etterisolering.

UFT ønsker:

- Meir bruk av solcelle på offentlege bygg.
- At den offentlege sektoren skal jobbe med å etterisolere sine bygg.
- Meir gjenbruk av bygningsmasse ved nye byggeprosjekt.
- At berekraftige materialar som til dømes tre, blir brukt til nye byggeprosjekt.




5. Kultur og utanforskap

5.1 Avgangsmarkering

Avgangsmarkering, kjent som russetid, er ein stor del av dagens ungdomskultur, som påverkar både læringsmiljøet og livet til elevane. Vi ønsker ei trygg avgangsmarkering der alle har moglegheit til å delta.

UFT ønsker:

- Å ansvarleggjere skolen, fylkeskommunen og kommunane for ei trygg og inkluderande avgangsmarkering.
- Tilgang på ein felles og trygg møteplass under avgangsmarkeringa.
- At det blir arrangert fylkes- og landstreff for avgangselevar for å førebygge utanforskap.
- Godt samarbeid mellom russestyre og elevråd.
- Gratis vaksine mot hjernehinnebetennelse for alle avgangselevar.
- God seksualitetsundervisning før, under og etter avgangsmarkeringa.



5.2 Idrett-, fritid- og kulturtilbod

Å skape sosiale aktivitetar for unge bidreg til betre folkehelse og gir erfaringar og eigenskapar til livet vidare. Verdien av slike tilbod er stor, og verkar førebyggjande for rus og psykisk uhelse. Difor er det viktig at dei styrkast og utvidast.st.

UFT ønsker:

- Fleire lågterskel tilbod for ungdom som til dømes ungdomsklubbar.
- At aktivitetar skal vere tilrettelagt slik at alle skal kunne delta uavhengig av til dømes økonomi.
- At dei tilboda som allereie eksisterer, blir informert om.
- At utlånsordningar, som til dømes BUA, vert styrka og utvida.
- Auka satsing på Ung Kultur Møtes (UKM).
- Å gjere eksisterande tilbod meir geografisk fleksible.
- Fleire kulturelle arrangement for unge under 18 år, til dømes konsertar og festivalar.
- At unge skal få vere med å påverke kulturtilboda i sitt område.
- Betre kollektivtilbod slik at det er mogleg å komme seg til og frå dei kulturelle aktivitetane.
- Meir fokus på likestilling i idrett.
- Meir fokus på glede og fellesskap framfor satsing.
- Idrettstilbod der alle kan delta uavhengig av til dømes fysiske og økonomiske vanskar.
- At unge skal få vere med å påverke idrettstilboda i sitt område.



5.3 Inkludering

Inkludering er noko heile samfunnet må bli betre på for å forhindre utanforskap.

UFT ønsker:

- Betre integrering av nye statsborgarar ved til dømes hjelp av desentralisering av busetting av innvandrarar.
- At det blir arrangert fleire generasjonsmøte.
- At det blir lagt til rette for at personar med alle funksjonsnivå og økonomiske føresetndar også kan delta på alle aktivitetar og arrangement.

ylkeskommune

ngdo mm ns
ylke



6. Helse

6.1 Psykisk helse

Kommunen har ansvar for det psykiske helsetilbodet. God psykisk helse er essensielt for at barn og unge skal ha det bra og ikkje falle utanfor. Den psykiske helsa blant barn og unge har stor påverking på prestasjonen deira i alle delar av samfunnet.

UFT ønsker:

- At kommunane skal kunne gi eit godt og heilskapleg tilbod.
- Tilgang på helsefagarbeidarar med tilstrekkeleg kompetanse.
- At kommunale tenester, som til dømes BUP og PPT, skal styrkast.
- At lågterskeltilbod, som til dømes helsestasjon for ungdom, skal blir meir utbreidd.
- At lågterskeltilbod skal vere opne i eit tidsrom gunstig for unge.
- Meir fokus på psykisk helse blant menn og minoritetar frå ung alder.
- Fleire studieplassar for psykologi og andre studiar innan mental helse.
- At ABC for god psykisk helse blir ein del av undervisninga.




6.2 Rus og førebygging

Media rapporterer om ein auke av unge som går inn i rusmiljø. Når ein ser på handlekrafta til kommunesektoren når det kjem til ruspolitikken som vert ført, har UFT merke seg at det er for lite fokus på førebygging og hjelp.

UFT ønsker:

- At kommunesektoren skal legge til rette for at rusavhengige ungdomar skal få veiledning for å komme ut av rusmiljøet.
- At politikarane samarbeider med relevante partar for å fatte dei beste og mest treffsikre tiltaka mot rusavhengigheit.
- At det skal bli sett fokus på lågterskeltilbod som er med på å førebygge mot mental og fysisk uhelse.
- Det skal vere meir fokus på effektane av lovlege og ulovlege rusmidlar på kort og lang sikt i skolen.
- Førebygging mot rus skal begynne i ung alder, allereie på mellomtrinnet.
- Personleg erfaring vektleggast når det kjem til å velje føredragshaldarar til å snakke med ungdom om rus.
- At folk med behov skal inn i offentlege hjelpetenester tidleg nok til å få størst mogleg utbytte av tenesta.



6.3 Fysisk helse

God fysisk helse påverkar ungdom si kvardag og har mykje å seie for deira framtid og folkehelsa som heilheit. Dersom ein setter seg gode vanar i ung alder har ein betre føresetnadar for god fysisk helse seinare i livet også.

UFT ønsker:

- At det skal undervisast i korleis førebygge fysiske helseproblem blant ungdom.
- At kvinner si helse skal bli prioritert på lik linje som menn sin.
- At det undervisast om kosthald på ein måte som oppfordrar til eit sundt liv, og eit sundt forhold til mat
- At sunn mat blir billigare for å gjere det enklare for ungdom å gjere gode kosthaldsval.
- Betre, billigare og meir tilgjengelege treningssenter for ungdom slik at fleire kan halde seg i god fysisk form.



7. Demokrati og medverknad

7.1 Elevmedverknad

For at elevar skal ha det godt på skolen, er ein avhengig av at elevane får vere med å bestemme korleis skolekvardagen og vurderingspraksisen skal vere.

UFT ønsker:


- At elevane skal få gode moglegheiter til å medverke i skolen, både undervisningsmetodar, vurderingssituasjonar og skolemiljø.
- Elevråd kan krevje at rektor og administrasjon skal stille eller ikkje på elevrådmøta.

7.2 Valdeltaking

Det er viktig for demokratiet at vi har ei god nok valdeltaking, spesielt blant unge. Dette krev eit større fokus på val og demokrati i skolen, og at unge kan bidra i demokratiet tidlegare.

UFT ønsker:

- Meir opplæring om val og demokrati i skolen.
- Partipolitisk opplæring i skolen, gjennomført av ein totalt politisk uavhengig lærar.



7.3 Nasjonalt ungdomsråd

Noreg har forplikta seg til å høyre på barn og unge i saker som angår dei. Dette manglar i dag på eit nasjonalt nivå, difor er oppretting av eit nasjonalt ungdomsråd viktig.

UFT ønsker:

- At det blir oppretta eit nasjonalt ungdomsråd.

7.4 Møte- og talerett

For at unge i dag skal ha moglegheit til å påverke dagens politikk, meiner UFT det er viktig at både fylkeskommunale og kommunale ungdomsråd har møte- og talerett i fylkesting, kommunestyre og dei ulike utvala.

UFT ønsker:

- At Ungdomspanelet sin møte- og talerett i fylkestinget og hovudutvala blir oppretthaldt.
- At alle kommunale ungdomsråd skal ha møte- og talerett i kommunestyre og kommunane sine hovudutval.




7.5 Breiare fokus på ungdomsmedverknad

Ungdomsmedverknad er relevant i alle samanhengar der ungdom er involvert.

UFT ønsker:

- At lag og organisasjonar opprettar eigne ungdomsråd eller styrker ungdomsmedverkinga på andre måtar
- At unges stemmer blir inkludert i saker som påverkar dei.
- Ungdomspanelet skal jobbe med internasjonalt samarbeid som fremmer demokrati og medverknad. Dette kan vere gjennom t.d. deltaking på internasjonale konferansar, prosjekt og utvekslingar.
- Ei eiga forskrift for kommunale- og fylkeskommunale ungdomsråd.
- At alle ungdomsråd skal ha rett til opplæring i det å vere folkevalt.







Møre og Romsdal
fylkeskommune

- ein tydeleg medspelar

Fylkeshuset, 6412 Molde
Telefon: 71 25 80 00
post@mrfylke.no
mrfylke.no

Ungdomspanelet:

mrfylke.no/up
ungdomspanelet@mrfylke.no
Instagram: ungdomspanelet_mr
Facebook: ungimore

